

LYSTLØYPA PÅ LINDÅS.

Ide: Liv & Lyst Lindås

Planlegging og drift: Lindås Idrettslag v/ Turgruppa.

Det har ei tid vore arbeid med ei trim / aktivitetsløype på Lindås i området mellom Lindås Senter /Fonnebostvegen / Lindås Aldersheim /Kolås. Området er eigd av Lindås Kommune gnr. 108 bnr.161og Opplysningsvesenets fond(statsskog) gnr108 bnr.622. B.nr 622 er bygsla av Lindås Kommune.

Kulturavdelinga, eigedomsavdelinga og planavdelinga i Lindås Kommune er orientert om at me arbeider med ei aktivitetsløype på ca 1300 meter i området. Løypa er tenkt som ein 2 meter brei grusa turveg. Den må kunna brøytast om vinteren.

Frå Lindås Senter parallellt med Fonnebostvegen ligg restar av Den Trondhjemske postveg. Dette er eit kulturminne. Statens Vegvesen er kontakta og har vore med på synfaring. Det er enno uklårt om postvegen kan nyttast som ein del av aktivitetsløypa eller den kan vera ein attraksjon i løypa.

Lystløypa er særleg tenkt brukt/ tilrettelagt for barnehagar, uteskule, bebruar ved Lindås Bu og servicesenter og bygdefolk. Det må med tida opparbeidast leikeareal, akebakke, benkar, gapahuk, bål plass, m.m .

Turgruppa har over fleire år opparbeid turløype til Kolåstoppen og helt for tida på med ei rundløype på Kolåsfjellet. Kolåstoppen vart sist år besøkt av 17000 trimmarar. Lystløypa er tenkt tilrettelagt for dei som ikkje maktar/har tid til å gå til Kolåstoppen.

